

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FE-223, FA-U01	23/154

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2023	Næringsfondsstyret	PS	15.06.2023

Søknad til næringsfondet til restaurering og tilrettelegging - Skysbåten M/B Blien

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 350 000,- i tilskot og kr. 325 000,- i lån frå næringsfondet til prosjekt restaurering og tilrettelegging for reiseliv- og besøksaktivitet knytt til Skysbåten M/B Blien og Mostraumsvika. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått. Tilskotsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet. Lån over 50 000,- skal sikrast med pant.
5. Tilskotsmottakarar skal rapportere til Modalen kommune om bruk og nyttegevinstar av tilskotet. Rapportering skal skje innan 1 år etter motteke tilskot.

Alternativ forslag til vedtak ført inn i møteportalen av Håvard Engeseth

Modalen kommune avslår søknaden, søknad er ikkje i tråd med vedtektene for næringsfondet.

Saksopplysningar:

Øystein Senneseth søker næringsfondet om tilskot til tilrettelegging og restaurering av Skysbåten M/B Blien, som del av eit større investeringsprosjekt knytt til stadutvikling av Mostraumsvika.

Bakgrunn

Søkar har sidan overtaking av garden i Mostraumvika i 2010, jobba med å utvikle området til å bli eit reisemål for turistar. Som ein del av utviklinga av staden og ønskje om auka aktivitet og moglegheiter for tilrettelegging av opplevingar knytt til sjø, overtok Senneseth i 2015 ansvaret for skyssbåten M/B Blien. Båten har tidlegare høyrd heime i Mostraumsvika, og ny eigar ønska å kunne legge til rette for bruk av båten i lokale samanhengar. Visjonen er å få båten på sjøen igjen og nytte denne til både til arrangement og som skyssbåt til turistar, innbyggjarar og skuleklassar for å kome over i Mostraumvika og oppleve mellom anna båtnaust og treverkstad og lære om historia til staden.

Modalen kommune overtok båten i gåve i 1995 for å vedlikehalde og ta vare på båten. I 2015 gjorde Modalen kommune vedtak om avtale i 2015 om at Senneseth fekk overta båten vederlagsfritt «slik den er». I avtalen forplikta ein seg for å ikkje selje eller overdra båten til andre eigarar i ein min. 10 års perioden, samt at ny eigar skulle leggje til rette for bruk av båten i lokale samanhengar.

Søkar har sidan overtaking i 2015 investert i utvikling og tilrettelegging av garden i Mostraumvika for å legge til rette for bruk av kaiområdet og tilfredsstillande lagring av båten, samt utført noko vedlikehald av båten. For å kunne nytte båten til tiltenkt føremål, må båten igjennom eit meir omfattande restaureringsarbeid. Det er gjort ein kostnadsvurdering av Ornes Båtbyggeri AS i Sogn for reperasjon av M/B Blien der rekna totalkostnad er på kr. 675 000,-.

Søker har registrert seg som enkeltpersonsforetak med namn «Mostraumsvika Senneseth». Føretaket jobbar med fleire prosjekt knytt til turisme og stadutvikling. Totalkostnad for prosjektet med tilrettelegging av sjøområdet med tilhøyrande bygg og restaurering av M/B Blien og robåtar er rekna til om lag kr. 1 055 000,-:

<i>Omarbeiding av naust, slipp og vinsj</i>	<i>kr. 100 000,-</i>
<i>Riving og rigging av ny flytebrygge</i>	<i>kr. 150 000,-</i>
<i>Oppussing robåtar frå Vikje</i>	<i>kr. 100 000,-</i>
<i>Restaurering av M/B Blien</i>	<i>Kr. 675 000,-</i>
<i>Årleg vedlikehald</i>	<i>kr. 30 000,-</i>

Vurdering

Det vert i næringsfondsvedtektene vist til at næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I SNP er reiseliv eit av fokusområda, der det mellom anna skal satsast på å utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt.

Søkar har i lang tid investert i- og utvikla Mostraumsvika som besøksstad, og del av dette er kaiområdet med tilhøyrande bygg for tilrettelegging for besøk og bruk av M/B Blien. Det er i søknaden og i dialog med søker vist til utvikling av eit historisk området som kan gje gevinstar både knytt til auka turisme til Mostraumsvika og Modalen, samt som historisk besøksstad med moglegheiter for samarbeid med skule og andre lokale aktørar i Modalen.

Søkar ønskjer å utvikle eit reiselivsprodukt i Modalen som kan bidra til utvikling av næringslivet, samt styrking av merkevara og reisedestinasjonen Modalen ut i marknaden. Det er råd å sjå føre seg ringverknader opp mot øvrig næringsverksemd i Modalen, samt moglegheiter for å nytte staden og den gamle skyssbåten i formidling av historie og kultur i Modalen.

Rådmannen sin vurdering er at tiltaket er i tråd med fokusområde i SNP og fell inn under føremålet til næringsfondet.

Økonomi

For prosjektet knytt til utvikling og tilrettelegging av kaiområde og restaurering av båt, er det rekna ein totalkostnad på om lag kr. 1 055 000,-. Det er søkt om tilskot knytt til kostnadene for restaurering av M/B Blien på kr. 675 000,-. Dette er om lag 60 % av totalkostnad.

I SNP er det vist til kategoriar for samla tilskot eller lån; kategori 1 vurderast inntil 20 % tilskot av samla stønad, 2 vurderast inntil 35 % og kategori 3 gjev samla stønad inntil 50 %. I særlege tilfelle kan tilskot eller lån tildelast utover kategori 3.

Rådmann vurderer at tiltaket det vert søkt tilskot til vert vurdert knytt til kategori 2, som inneber middels grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i middels grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemder. Dette tilsvarar inntil 35 % av samla kostnader.

Rådmann vurderer vidare at restaurering av M/B Blien vil vere eit viktig ledd i vidareutviklinga av Mostraumsvika og dei visjonane søkar har for staden som besøksstad- og reisemålsdestinasjon. Rådmannen tilrår derfor at resterande søknadssum som ikkje vert dekkja av tilskot, vert lånefinansiert frå næringsfondet.

Konklusjon

Rådmann rår til at Modalen kommune løyver kr. 350 000,- i tilskot og kr. 325 000,- i lån frå næringsfondet til enkeltmannsføretaket Mostraumsvika til prosjekt restaurering og tilrettelegging for reiseliv- og besøksaktivitet knytt til Skyssbåten M/B Blien og Mostraumsvika.

Næringsfondsstyret - 011/2023

NF - behandling:

Næringsfondsstyret drøfta saka.

Det vart drøfta grunnlaget for næringsverksemd for båten og reiselivsprosjektet. Dersom båten i utgangspunktet restaurerast mtp. kulturminne, er det andre midlar søkar kan søkje om. Dersom søkar sender søknad om restaurering mtp. næringslivsutvikling, må det eventuelt sendast ein ny søknad. Slik saka ligg i dag, vurderer næringsfondsstyret at tiltaket ikkje er i tråd med kriteria i næringsfondsvedtektene.

Håvard Engeseth låg inn alternativt framlegg til vedtak som vart teke opp til votering.

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Modalen kommune avslår søknaden, søknad er ikkje i tråd med vedtektene for næringsfondet.

Vedlegg:

Restaurering av Blien

Reperasjon Blien tilbud

Kommunestyret - sak 014.2015 - avtale om overdraging av Blien